

Nedlegging av lokale tannklinikkar

Radøy ungdomsråd er opptatt av at tannhelsetenesta skal oppretthaldast på Manger. Me er redde for sentralisering, og ser fleire ulemper enn fordelar med å sentralisera tannhelsetjenesta.

Sentralisering av tannhelsetenesta er ikkje ei bra løysing med tanke på innbyggjarane i kommunen. Det vert lengre reiseveg for å kunne dra til tannlegen. Det vert lengre ventetid hos tannlegen, med tanke på at det er mange som skal til same tannlegen.

Lang reiseveg er den største problemstillinga. Dette medfører at det vert dyrare for innbyggjarane, med tanke på at foreldre må ta seg fri frå jobb for å kunne følgje ungane sine til tannlegen. I tillegg må ungdomsskuleelevarane ha lengre fri, noko som medfører mykje meir fråvær enn kva som eigentleg skulle vore nødvendig. Dette kan også gå ut over karakterar.

Det kollektive tilbodet er dårlig, så innbyggjarane i Radøy som skal ta buss til Knarvik må gjerne vente lenge for å komme seg til tannlegen i Knarvik. Før kunne dei berre gå opp til tannlegen på Manger, men no må dei ta buss i 40 minuttar for å komme seg til tannlegen i Knarvik.

Elevar på vidaregåande som ikkje går på Knarvik vgs må gjerne ta fri ein heil dag berre for å gå til tannlegen. Klinikken ligg ikkje nærmiljøet deira der dei går på skulen, og dei må no reise lenger enn kva dei elles måtte ha gjort. Med den nye fråværsgrensa vert dette eit problem.

Ei anna problemstilling av sentralisering av tannklinikken er at personar som lenge har jobba i nærmiljøet, no kan miste jobbane sine. Etter mange år med kort arbeidsveg, får dei no lengre reiseveg. Om me mister tannklinikken på Manger skaper dette problemet for dei eldre. Lang reise med buss eller bil. Dette kan vere vanskeleg med tanke på at dei gamle som ikkje har same fysiske tilstanden som dei yngre har, og dette kan gå ut over helsa deira.

Alt i alt kan sentraliseringa av tannhelse skape problem i distrikta; lang reise for majoriteten av pasientane, unødig fråvær for elever i grunnskulen og på vidaregåande skular, og føresette som må ta seg fri frå jobb, og ikkje minst vanskar for dei eldre i kommunen.

Me i ungdomsrådet lurar på: Korleis kan sentraliseringa av tannklinikken ha ei god og effektiv løysing for lokalsamfunnet og innbyggjarane på Radøy?

Frå Sofie Marøy og Jakub Stasiak i Radøy ungdomsråd